

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
065/19	Formannskapet	PS	19.09.2019
060/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Merete Valle	19/2590

Makebyte vedrørende ny gravplass på Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

Formannskapet - 065/19

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

Kommunestyret - 060/19

KO - behandling:

Leidulv Brunborg stilte spørsmål ved habilitet som styremedlem i Lindås Tomteselskap AS, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at L.Brunborg er inhabil i denne saka. Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lindås kommune og Lindås Kyrkjelege Fellesråd har lenge hatt ein dialog rundt utviding av gravplass på Lindås. I økonomiplanen 2019 – 2022 er det sett av 14,7 mill til eit slikt prosjekt. Ein viktig føresetnad for gjennomføring er å sikre seg areal til utviding, og det er mest naturleg å sikre seg areal som ligg i nærleiken av dagens gravlund. Gbnr 108/401,161 er aktuelle alternativ og det er Lindås Tomteselskap som eig dette arealet.

Lindås Tomteselskap og Lindås kommune legg fram forslag om makebyte for å sikre areal til gravplass på Lindås. Dei aktuelle tomtene som inngår i makebyte er følgjande:

- Gbnr 139/94, Alversund, Gamle Tveiten barnehage, 1190 m2 – frå Lindås kommune til Lindås Tomteselskap
- Gbnr 108/208, Lindås sentrum – frå Lindås kommune til Lindås tomteselskap

Gbnr 139/94 er i framlegg til ny kommunedelplan Knarvik-Alversund lagt ut som bustadformål med 30% BYA. Tidlegare var dette regulert offentleg formål. Gbnr 108/208 er regulert til sentrumsformål. Tomteselskapet eig tilgrensande areal i nord idag.



Gbnr 137/94, Tveiten barnehage – frå Lindås kommune til Lindås tomteselskap



Gbnr 108/208, Lindås sentrum – frå Lindås kommune til Lindås tomteselskap

- Gbnr 108/401, Lindås – Frå Lindås Tomteselskap til Lindås kommune

- Del av 108/161, Lindås - Frå Lindås Tomteselskap til Lindås kommune

Gbnr 108/401 er i dag regulert grønnstruktur, medan 108/161 er regulert grav og urnelund. Det har tidlegare vore utlagt som næringsområde. Området ligg i umiddelbar nærleik til eksisterande gravplass for Lindås kyrkje.



Gbnr 108/401,161 Lindås – Frå Lindås Tomteselskap til Lindås kommune. Området er i dag regulert grøntområde og grav/urnelund. Området trengs til gravplass for Lindås kyrkje.

Vurdering

Lindås kyrkjelege fellesråd har behov for utviding av gravplassen på Lindås. Arealet som vert lagt fram for makebyte med tomteselskapet ligg rundt eksisterande gravplass og vil tene formålet godt. Kyrkja planlegg utvidig med 550 graver som vil sikre kapasitet i 30 år framover. I prinsippet søker ein å byte likt mot likt i verdi og vil då makebyte med dei tomte i Alversund og tomte i Lindås sentrum. Det har vore gjennomført taksering av alle tomtene i makebyttet. Arealmessig vil Lindås kommune sikre seg meir areal enn det ein gjev frå seg, men verdisetting pr areala er ulik. Bustadareal og sentrumsføre mål vert taksert høgare enn grav/urnelund og grøntområder. Slik sett går makebyttet opp og rådmannen tilrår at dette vert gjennomført som skildra. Endelege tal på verdivurdering var ikkje klart når det politiske saka måtte sendast ut, men dette blir lagt fram i formannskapsmøtet 19. september.

.....